

Fra Fysikkens Verden



Det europeiske røntgenanlegget ESRF oppgraderes
(Se artikkel)

Nr. 2 – 2016
78. årgang

Utgiver:
Norsk Fysisk Selskap

Redaktører:
Øyvind Grøn
Emil J. Samuelsen

Redaksjonssekretær:
Karl Måseide

Innhold

Kristian Fossheim:	Vorteksfysikk i kvantevæsker	37
Ragnvald Mathiesen:	Det europeiske røntgenanlegget	43
T. Henriksen og E. Sagstuen:	ESRF under oppgradering	48
Jan Folkvard Evensen:	Fysikk fra medisinsk diagnostikk til samfunnssikkerhet	48
Rolf Widerøe: «Ringenes Herre»	54	
Frå Redaktørane	34	
Nytt fra NFS	34	
Styret i NFS		
Årsmøtet 2016		
Lysåret 2015 – et tilbakeblikk		
FFV Gratulerer.	36	
Tycho Jægers pris i Elektrooptikk til Helge Fonnum		
Magnus Haakestad, Espen Lippert		
Frå fysikkens historie	59	
«Dataalderen tok til for 100 år sidan»		
Ein viktig faktor 2		
Bokomtale	62	
Carlo Rovelli: Seven brief lessons on physics		
Trim i FFV	63	

Frå Redaktørane

Fysikk er eit mangesidig fag. Dette nummeret av FFV inneheld historisk fysikk, samfunnsrelatert fysikk, storskalafysikk, kvantefysikk og noko attåt.

Om Rolf Widerøe fortel Folkvard Evensen at han var ein pionér på 30-talet i utviklinga av partikkelakselleratorar, og at han iblant blir nemnd som ein aktuell nobelpriskandidat. Det er i år 100 år sidan Czochralski-metoden for krystallframstilling blei utvikla, spesielt viktig for våre dagars silisiumgroing for data- og solcelle-teknologien. Medisinsk diagnostikk og materialgjennomlysing tok til med oppdaginga av røntgenstråling i 1895, og er med åra blitt utvikla til uunnverlege metodar, ikkje berre i medisinsk og teknologisk samanheng, men også som rutinemetodar for passasjerkontroll ved alle verdas flyplassar. Henriksen og Sagosen fortel om dette i den første av fleire varsle artiklar om emnet.

Vårt land er som kjent medlem i fleire internasjonale forskingsprogram. Størst er CERN-deltakinga i Genève, og nest størst er medlemskapen i Det europeiske synkrotronstråleanlegget ESRF i Grenoble, faktisk med fleire involverte norske brukarar der enn ved CERN. Anlegget er no i gang med ein svær oppgradering, noko som Mathiesens artikkel fortel om.

Kvantefysikk er representert ved Fossheim sin omtale av superfluide kvervlar i flytande ^4He , der det også er referert til eit arbeid av ein norsk forskar. Ein kort artikkel fortel historisk-anekdotisk om "Faktor-2"-førekommstar i supraleiingssamanhang. Fysikk byr på endå fleire faktor-2-tilfelle. Eg minnest eit kåseri eg hørte av Samuel Goudsmit ved ein konferanse på 1960-tallet om "oppdaginga" av elektronspinnnet, som han gjorde saman med George Uhlenbeck i 1925, der ein uventa "faktor-2" dukka opp.

Emil J. Samuelsen

∞

Nytt fra NFS

Styret i NFS

har følgende medlemmer fra 2016:

President:

Åshild Fredriksen, professor, UiT.

Visepresident:

Michael Kachelriess (ny), professor, NTNU.

Medlemmer:

Jan Petter Hansen, professor, UiB,
kondenserte fasers fysikk og atomfysikk.

Magnus Borstad Lilledahl, førsteaman., NTNU,
biofysikk (ny).

Wojciech Miloch, førsteamanuensis, UiO,
atmosfære-, rom- og plasmafysikk (ny).

Håvard Helstrup, professor, HiB,
subatomær- og astrofysikk.

Jon Samseth, professor, HiOA,
industri- og energifysikk.

Morten Trudeng, lektor, Asker vgs,
Norsk Fysikklererlag.

Olav Gaute Hellesø, professor, UiT,
akustikk/optikk (ny).

Varamedlem, fast:

Arne Auen Grimenes, førsteamanuensis, NMBU.

Jeg ønsker de nye styremedlemmene velkommen, og takker de avtroppende for innsatsen og gode bidrag i perioden som gikk. Jeg vil spesielt takke visepresident Are Raklev for det gode samarbeidet og støtten i perioden 2014–2015.

Årsmøtet i NFS 2016 vil bli avholdt 9. august under Norsk Fysikklererforenings årskonferanse på Schæffergården i København, 7–10. august.

Se fysikklerer.blogspot.no for mer informasjon.

Årsmøtet i NFS skulle i år normalt ha vært arrangert som *Det lille fysikermøtet* uten valg og prisutdelinger. Men under dette årsmøtet vil det både bli gjennomført valg og delt ut Undervisningsprisen og Martin Landrøs pris for fremragende masteroppgave.

Åshild Fredriksen

∞

Lysåret 2015 – et tilbakeblikk

Så er Lysåret overstått, med en mengde større arrangementer verden over. I Norge har vi feiret litt mer beskjedent, i hovedsak med forelesninger, fotokonkurranse, og med spesialutgave av FFV (Nr. 1/2015), også med spesialartikler i resten av 2015-årgangen. En Facebook-side⁽¹⁾ og bloggen lysåret.no⁽²⁾ så også dagens lys i løpet av året.


En forelesningsserie på Naturfagbiblioteket ved Universitetet i Oslo kom i stand med et bidrag fra Fysisk institutt på 50 000 kr. Seks foredragsholdere fra ulike fagområder snakket om tema som lyset og verdensbildet, fotosyntesen, solceller, sollyset, sol og helse og nordlyset. Foredragene ble fremragende fremført, og kan sees på Youtube,⁽³⁾. De har så langt nådd ut til ca. 1000 interesserte.

Institutt for fysikk og teknologi ved Universitetet i Bergen bevilget 20 000 kr til en fotokonkurranse med tema ”lys”, som fikk over 50 bidrag. *Henning S. Pettersen* vant 1. premien på 10 000 kr, med et bilde fra en T-banestasjon i Oslo (figur 1). *Michael Baziljevich* vant 2. premie med et foto av magnetfelt som har trengt inn i en høytemperatur-superledende tynnfilm (figur 2), og *Jarle H. Moe* fikk 3. premie med et bilde av et lynnedslag (figur 3). Nærmere omtale finnes på [lysåret.no](#)-bloggen.

Ved NTNU ble *Nordic Physics Days* arrangert, med innslag inspirert av Lysåret. Nobelprisvinner 2012, *Serge Haroche*, nevnes spesielt med sitt åpningsforedrag ”*Controlling photons in a box and raising Schrödinger cats of light: when thought experiments become real*”.



Figur 1. Førstepremie-bildet: ”T-banestasjon i Oslo”, tatt av *Henning S. Pettersen*. Bildet er tatt på Nydalen T-banestasjon, der en lysinstallasjon med forskjellige farger skaper en fin stemning i rulletrappa. Kameraet ble lagt i rulletrappa med litt lang lukkertid.



Figur 2. Andrepromie-bildet, tatt av *Michael Baziljevich*. Bildet viser hvordan et magnetfelt har trengt inn i en høytemperatur-superledende tynnfilm (YBCO) når denne er blitt utsatt for et raskt økende magnetfelt. Det lynlignende mønsteret skyldes en termo-magnetisk ustabilitet som dramatisk forandrer feltets inn-trenging i prøven.

Institutt for fysikk og teknologi, UiT Norges Arktiske Universitet, bevilget 30 000 kr som bidrag til feiring av Lysåret. Det ble følgelig arrangert en rekke foredrag under Åpen Dag på Teknologibygget, om ”Nordlyset – mer enn vi ser”, om hvordan vi observerer planeten vår, om solceller i Norden, og om ”Stjernekraft – fremtidens energikilde”.

”Fra fysikkens verden” viet Nr. 1/2015 til Lysåret, der ”Optisk overvåking av vann” og ”Efektive solceller for hydrogen fra vann” var blant temaene. Også senere utgaver av FFV i 2015 hadde artikler inspirert av Lysåret, f.eks. ”Lysleende fibrar: Det som skapte Internett”, og ”Belysnings-teknologiens rivende utvikling”.

Også andre aktører bidro til feiringen av Lysåret. Vi nevner spesielt utstillingen på Lindesnes Fyr, der ca. 60 000 besøkende var innom i løpet av det halve året den var åpen. Norsk forening for fotobiologi og fotomedisin (NOFFOF) hadde en foredragsserie på Litteraturhuset i Oslo under Forskningsdagene 2015, med 7 foredrag om lys relatert til biologi og medisin. Høyskolen Stord Haugesund (Stord) deltok aktivt i ”*Skylight – a Global Science Opera*”, en globalt arrangert operaforestilling som ble gjennomført i 35 land samtidig. Også bladet ”Naturen” (2/2016) trykket en lengre artikkel om Lysåret. Til sist bør også nevnes de



Figur 3. Tredjepremie-bildet, tatt av Jarle H. Moe, av det han selv beskriver som "Det mest spektakulære lysfenomenet på jorden". Her sett over Askøybroen.

ulike høyskolene, organisasjonene og firmaene som driver med lys og lysarkitektur, som hadde flere spektakulære arrangementer der Lysåret var markert, blant annet en festival holdt av Solund Lys, Oslo Lux-utstilling og symposium, samt en lysfestival ved Akerselva, arrangert av Norske Lysdesignere.

Referanser


1. Internett: <https://www.facebook.com/lysaaret/>
2. Internett: <http://xn-lysret-kua.no/>
3. Internett: https://www.youtube.com/playlist?list=PL6zSfYNSRHalgZk_OtRnjEPUTxlnCNGmO

Åshild Fredriksen

∞

FFV Gratulerer

Tycho Jægers pris i Elektrooptikk til Helge Fonnum, Magnus Haakestad og Espen Lippert



Helge Fonnum, Magnus Haakestad og Espen Lippert

Tycho Jægers pris i Elektrooptikk gis for et norsk arbeid på fagområdet elektrooptikk eller et arbeid der elektrooptiske metoder er anvendt. Den skal gis som belønning for et arbeid som er utført av en eller flere personer innenfor de fem siste årene før utdelingen. Arbeidet skal være av høy faglig kvalitet. Både grunnleggende og anvendt forskning kan tilgodesees. Prisen er på 100 000 kr og deles ut hvert annet år på Elektrooptikk-møtet.

Tycho Jægers pris i Elektrooptikk ble delt ut første gang på Elektrooptikk-møtet på Voss 13–15 april 2016, og ble tildelt Helge Fonnum, Magnus Haakestad og Espen Lippert fra Forsvarets forskningsinstitutt (FFI), for fremragende forskning på lasere med infrarøde bølgelengder fra 2 til 8 μm .

Prismottakerne har utviklet en laser basert på en krystall av yttrium-litium-fluorid dopet med holmium og kjølt med flytende nitrogen. Laseren har bølgelengde 2,05 μm , god strålekvalitet og rekordstor pulsenergi på 550 mJ, og puls lengde på 14 ns. Videre har forskerne utviklet nye optisk-parametriske oscillatorer og forsterkere som gir laserlys med lengre bølgelengder.

Lasere med bølgelengder litt over 1 μm er en velutviklet teknologi, og både høy pulsenergi og høy gjennomsnittseffekt er tilgjengelig kommersielt. Lasere for lengre bølgelengder må baseres på materialer som er vanskeligere å arbeide med og/eller krever optisk frekvensomforming. Disse teknologiene er langt mindre "modne", og det er på dette feltet prismottakerne har bidratt. Kjøling med flytende nitrogen (-196 °C) gjør at lasermediet får bedre egenskaper både termisk og optisk, og den oppnådde pulsenergien er rekordhøy for holmium-baserte lasere.

For å komme til lengre bølgelengder har forskerne utviklet optiske frekvensomformere (parametriske oscillatorer og forsterkere) som drives av holmium-laseren, og de har oppnådd 200 mJ i bølgelengdeområdet 3–5 μm og 45 mJ ved ca. 8 μm . Dette er rekordhøye energier for pulser med bølgelengdene. Strålekvaliteten er god også etter frekvensomformerne, noe som er viktig for anwendelser i forsvar og fjernmåling.

Resultatene er publisert i internasjonale tidskrifter og på internasjonale konferanser.


Aasmund Sudbø

∞

Vorteksfysikk i kvantevæsker

Kristian Fossheim *

Det blir gitt ei oversikt over historia til superfluide væskers fysikk. Fenomenet ”kvantisering av sirkulasjon” er viktig i denne samanhengen og blir omtala. Med helium II som eksempel blir det forklart korleis vår forståing av superfluiditet har utvikla seg. Artikkelen blir avslutta med ei oppsummering av kvantiseringssreglar for superflider og superleiarar.



Figur 1. Turbulens, som ei rekke kvervlar på stor skala, skapt i luftstraum forbi ei av Juan Fernandez-øyane utanfor Chile (frå Wikipedia).

Kvervlar og turbulens i klassiske væsker og gassar

Einkvar som har teke seg tid til å observere vatn som strøymar forbi steinar i ein bekk eller ei elv, vil ha lagt merke til to typar strøymingsmønster: Når straumen er roleg, glir vatnet over og forbi steinar utan noko spesielt mønster, det vi kallar laminær straum. Men i sterkare straum oppstår det eit mønster av alternerande, roterande straumar, kvervlar. Dette er fenomenet turbulens som kan vise seg på omrent alle tenkjelege storleksskalaer, til dømes når væske eller gass strøymar forbi ei hindring. Ein variant av dette er kvervelstraumar som blir genererte frå spissen av flyvengjer, eit alvorleg fåremoment for etterfølgjande fly inn og ut av flyplassar. Endå meir kjent er kvervelstraumar i tornadoar som kan ”terrorisere” vide områder og knuse heile bygningar, noko som ofte skjer i Midt-Vesten i USA.

Ifølgje rådande teori etter Kolmogorov, blir kvervlane brotne opp til mindre og mindre skala. Dette kan vi også sjå i figur 1. Først etter nedbryting til ein skala som er mange storleiksordnar mindre enn opphaveleg skala, etter at kvervelmønsteret ikkje lenger har nokon føretrekt retning i rommet, blir kvervlane dissiperte ved viskositet, og blir borte. Så langt er dette klassisk fysikk.

Men kverelfenomen er også viktig i system der kvantefenomenet opptrer. Slike fenomen er stadig like aktuelle, og er blitt studerte meir og meir gjennom

nom dei siste 50–60 åra, i både superfluid væske og i faststoff superleiarar. Her trengst det ei heilt anna tilnærming. Vi vil sjå nærmare på fysikk og kvantiseringssreglar, og brukar nemninga ”vorteks” om kvantekvervlar som oppstår.

Litt historie

Då edelgassen helium for første gong vart kondensert til væske i Kamerlingh Onnes sitt laboratorium i Leiden i 1908, la det grunnlag for eit spennande hundrear i fysikken, med stadig nye oppdaginger ved temperaturar nedover mot det absolutte nullpunktet, $T_0 = -273,15\text{ }^{\circ}\text{C}$. Ikkje berre skulle heliumvæska vise seg å vere uhyre interessant i seg sjølv, men tilgangen til helium som kjølevæske mogeleggjorde oppdaginger og teknologisk utvikling som vi i dag har vanskeleg for å tenke oss utan, og samtidig det å nærme seg nullpunktet meir og meir. Men det absolutte nullpunktet er i prinsippet like uoppnåelig fysisk som uendeleg høg temperatur. At dette er ein realitet og ikkje ein floskel, er i dei seinare ti-åra blitt godt dokumentert ved eksperiment heilt ned i området nanokelvin (10^{-9} K) til picokelvin (10^{-12} K) i superfluid atomkondensat av alkaliometall.

Dei superfluide eigenskapane til helium II ved temperaturar under $T_\lambda = 2,172\text{ K}$ vart i 1937 oppdaga samtidig i Cambridge, av dei kanadiske

* Institutt for fysikk, NTNU, Trondheim.

forskarane J.F. Allen og A.D. Misener, og i Moskva av den russiske fysikaren Pjotr Kapitsa. Begge grupper oppdaga at superfluid helium II hadde null viskositet: Transport av superfluid gjennom trange rør viste seg å vere uavhengig av trykket! Ein forbløffande effekt, sjølv sagt, og ein klår parallel til superleiing. Oppdagingsane vart publiserte i to uavhengige artiklar i *Nature* den 8. januar 1938. I *Nature*-artikkelen brukte Kapitsa for første gong nemninga "superfluid": *it is perhaps sufficient to suggest, by analogy with superconductors, that the helium below the λ -point enters a special state which might be called a "superfluid".*

Kapitsa arbeidde hos Rutherford i Cambridge i mange år, og bygde opp det berømte Mond-laboratoriet. Men ved eitt av sine besøk i Sovjet i 1934, fekk han forbod mot å forlate landet. At dette var politisk motivert er ikkje dokumentert, men at det skjedde etter ordre frå høgste hald, er det vel liten tvil om. Men Kapitsa fekk kjøpe mykje av utstyret han hadde brukt i Cambridge, og bygde opp sitt eige institutt i Moskva.

40 år etter artikkelen i *Nature* delte Pjotr Kapitsa Nobelprisen i fysikk for 1978 med Penzias og Wilson! Grunngjevinga var ganske generell, truleg for å unngå konflikt med Allen og Misener.

Kapitsa var ein svært mektig mann i sovjetisk forsking. Stalin var personleg interessert i han, og var så nøgd med arbeidet hans at han støtta han då han kom i konflikt med den frykta KGB-sjefen Beria. Ikkje mange ville ha overlevd noko slikt. Eit anna døme er at Kapitsa personleg i brev til Stalin trua med å forlate stillinga si om ikkje den strålende teoretikaren Lev Landau vart sett fri fra fengsel. Landau vart sett fri i 1939, etter eitt års opphold i NKVD-fengselet Lubjanka. Han "takka for hjelpa" med å setje fram ein nyskapande teori for superflytande helium i 1941.


Konfliktar knytt til viktige oppdaginger er ikkje uvanleg. I tilfellet superleiarar gjeld "dramaet" Abrikosovs teori for eksistensen av kvantevorteksar, publisert i 1957. Landau hadde då i fire år nekta han å publisere resultata, heilt til Feynman sitt arbeid⁽¹⁾ om helium II vart kjent i Moskva. Landau aksepterte straks Feynmans arbeid. Men Abrikosov kunne nå triumferande fortelje Landau at "Dette er jo det same som eg alt har gjort i superleiar!"⁽²⁾ Kvifor trudde du ikkje på mitt arbeid, men godtok Feynman sitt? Paralleliteten mellom dei to fysiske systema vart nå endå tydelegare. L. Tisza formulerte i 1938 den såkalla to-væskemodellen for superleiar,⁽³⁾ og Landau brukte ein liknande modell

for superfluid helium i 1941.⁽⁴⁾ I superleiarar kom seinare Abrikosov til å innføre nemninga "type II superleiar" i 1957, for den klassen som har mest til felles med superfluide væsker.

Sjølv om superfluiditet ikkje har tiltrekt seg same breie interesse som superleiing, er fysikken ikkje mindre fascinerande. På teorisida har kvantefysikken i superfluid, her inkludert superleiar, tre store aktørar: Onsager, Feynman og Abrikosov. Og vår landsmann Lars Onsager var den aller første som foreslo, ja fastslo, i ein diskusjonsmerknad ved eit møte i Firenze i 1949, at under rotasjon av superfluid helium II er den hydrodynamiske sirkulasjonen Γ , svarande til dreieimpulsen i mekanikken, kvantisert i heiltalige einingar av $\kappa = h/m$, der h er planckkonstanten og m er massen til heliumatomet.⁽⁵⁾

Kvantisering av sirkulasjon – Onsager og Feynman

Figur 2 illustrerer Onsagers modell for kvantisering av sirkulasjon:^(5,6) Ein sylinderisk behaldar med helium II roterer med vinkelfart Ω . Det sentrale området, skravert, ligg i ro. Dei konsentriske ringane utanfor har trinnvis aukande sirkulasjon $\Gamma = \kappa, 2\kappa, 3\kappa \dots$ Onsager fastslo vidare at dreieimpulsen per partikkel er eit heiltal av \hbar . Onsager annonserte her eit nytt og heilt overraskande kvantefenomen i fysikkens historie, noko som vekte be-




Figur 2. Onsagers modell for kvantisert sirkulasjon om sentrum i roterande helium II. Den sentrale delen, skravert, roterer ikkje, og kunne dermed like godt vere ein fast kjerne langs aksen. Ringane kan då ha suksessivt aukande antal sirkulasjonskvanta, h/m (frå Ref. 6).

tydeleg oppsikt. Det var før tilsvarende fenomen var oppdaget i superleiarar. Onsager var alt berømt, mellom anna for den formidable løysinga av den 2-dimensjonale Ising-modellen, så hans ord hadde stor vekt.

London arbeidde vidare med Onsagers modell med utgangspunkt i Bose-Einsteinmodellen⁽⁷⁾ og fann at situasjonen i figur 2 blir realisert ved rotasjonsfrekvens over ein kritisk verdi $\Omega = \hbar/2mR^2$, der R er radius i sylinderen. Den skraverte kjernen ligg i ro, og har tydelegvis same effekt som om helium var erstatta av ein streng eller eit rør, langs aksen. Dette sikrar at behaldaren er "multiply connected" noko som må vere oppfylt for at kvantisering av den totale sirkulasjonen rundt sentrum kan skje (sjå avsnittet "Kvantisering").


Omhyggelege målingar har stadt festa kvantisering av sirkulasjon, hovudsakeleg i samsvar med denne modellen. Superfluidet vart halde i ein roterande sylinder med ein streng langs aksen, det som på fagspråket kallast ein "annulær ring".

Men då Feynman kom på banen i 1954–55, presenterte han eit heilt nytt bilete av kvantisert sirkulasjon i superfluid.⁽¹⁾ Først nå kom den verkelege vorteksfysikken. Feynman foreslo kvantisert sirkulasjon i form av svært tynne filament med roterande helium II, med ein normal kjerne på 0,1 nm i diameter, etter kvantefysisk analyse. Han gav ein enkel formel for tettleiken av vorteksar: $n_0 = \frac{2\Omega}{\kappa} \sim 2 \cdot 10^3 \Omega$ vorteksliner/cm² (Feynmans regel). Eksperimenta viste eit resultat som vist i figur 3.



Figur 3. Helium II i roterande spenn. Hall og Vinen 1956, og Hall 1960 (frå Ref. 6).

Det var nettopp slike tynne vorteksfilament Abrikosov hadde funne teoretisk for det som sidan vart kalla "type II superleiar", og som vart referert til i sitatet ovanfor.⁽²⁾ Feynman viste og at energien per lengde av ein vorteks er proporsjonal med κ^2 . Dermed vil ein vorteks med kvantisering 2κ ha ein energi per lengde som er proporsjonal med $4\kappa^2$, altså fire gonger så stor som om den var broten opp i fire elementære vorteksar med sirkulasjon κ .



Figur 4. Roterande annulær ring med låg rotasjonsfrekvens, Ω til venstre og høg frekvens til høgre. Kvantisert sirkulasjon i begge. N_κ er talet på sirkulasjonskvant i væska, og ekvivalent med ein vorteks av styrke N_κ i sentrum. (Frå Ref. 6).


og energi κ^2 . Dette favoriserer elementære vorteksar heller enn vorteksar med fleire sirkulasjonskvant. I praksis er det heller ikkje oppdagat anna enn elementære vorteksar i helium II. Forma på væskeoverflata samsvarar med klassisk bilde. Men der er eit klart skilje mellom Onsagers sirkulasjonskvantisering, vist i figur 2, og Feynmans vorteksfilament, vist i figur 3.

Merkelege eksperimentelle fakta i helium II

Fenomen ein kan studere i helium II

Faseovergangen frå helium I til II ved $T_\lambda = 2,172$ K viser ein stor topp i varmekapasitet, sjå figur 5. I ettertida er det forklart at denne "anomalien", som er typisk for kontinuerlege faseovergangar, og ofta kalla "andre ordens faseovergang", her skuldast termiske eksitasjonar av kortlevde vorteksringar som får sitt maksimale tal ved faseovergangspunktet.


Null viskositet. Helium II strøymer gjennom trange rør utan viskositet, analogt med null elektrisk motstand i ein superleiar. Den normale komponenten av helium II fester seg til veggene, mens den superflytande fasen strøymer heilt fritt gjennom. L. Tisza forklarte dette med to-væske-modellen (sjå neste avsnitt).⁽³⁾



Figur 5. Varmekapasitet i helium ved 2,172 K liknar på den greske bokstaven λ , og kallast difor ofte lambda-overgangen (frå Ref. 8).

Stille koking. Straks temperaturen er senka under 2,172 K sluttar all koking frå det indre av væska. Heile væskevolumet blir brått heilt roleg. All koking skjer frå toppen av væska! Dette heng saman med at helium II under T_λ er ein perfekt varmeleiar. Temperaturen er då den same overalt, også i veggene. Difor vert det ikkje skapt bobler, og ingen turbulens. Frå overflata blir atom "skotne" ut (fordampa) ved roton-kollisjon (sjå om roton nedanfor), analogt med fotoelektrisk effekt.

Fonteneeffekten, vist i figur 6. Foto til venstre, skisse til høgre. Eit ope, vertikalt rør er fylt med



Figur 6. Fonteneeffekten. Til venstre eit foto frå laboratoriet. Til høgre illustrasjon av metoden (frå Ref. 8).

fint pulver nederst og plassert i helium II. Når røret med pulver blir tilført varme frå ei lyskjelde, vil ein stråle av heliumvæske strøyme ut frå toppen av røret. Forklaringa er at varmen genererer roton og foton frå superfluidet og eksanderer. Dette løfter væskeoverflata øvst i røret, og væske strøymer ut, samtidig som pulveret tilløft nytt superfluid å strøyme inn nedst. Fontenen vil difor halde fram å strøyme kontinuerleg.

Sjølvtomming. Eit beger med helium II som blir løfta ut av væska, vil etter kvart tømme seg sjølv(!) ved at væska dannar ein rein, tynn film og kryp oppetter veggene inne i behaldaren og ned på utsida, der ho dryp ned. Om begeret er delvis nedsenka i helium II, vil væska renne ut inntil nivåa er like inni og utanfor. Omvendt, om væskenivået er lågast inni, vil superfluid renne inn og likestille nåvåa ute og inne.


Kvantevorteksar. Det er hovudtema i denne artikkelen. I ein sylinderisk behaldar med helium II som roterer langsamt, vil berre den såkalla normale komponenten av væska følgje med i rotasjonen, mens den superfluide komponenten vil ligge i ro. Men om ein aukar rotasjonsfrekvensen over ein viss kritisk verdi, blir sirkulasjonen om sentrum kvantisert. Nå vil også den superfluide komponenten rotere med, og alle atom i behaldaren vil ha same dreieimpuls \hbar . Alle atom "marsjerer i tak" (*lockstep motion*). Ved endå høgre rotasjon oppstår kvantevorteksar, som vist i figur 4.

Kva er eigentleg eit superfluid?

Frå L. Tiszas forslag til to-væskemodellen i 1938:⁽³⁾ "Atoma som høyrer til det lågaste energinivået, tar ikkje del i dissipasjonen. Viskositeten til systemet kjem frå dei eksiterte atoma." Modellen er då ei væske av to komponentar: ein superfluid komponent med null entropi og null viskositet, og ein normal komponent av atom i eksiterte tilstandar som har viskositet og transporterer varme. I denne modellen har helium II berre ein superflytande komponent ved $T = 0$ K, og berre ein normalkomponent ved $T = T_\lambda$. Begge endrar seg kontinuerleg mellom dei to ytterpunktta. Modellen hadde stor suksess, og blir gjerne nytta i samband med magnetisk skjerming i superleiarar. Men eksperiment viser at berre ein mindre del, kring 1/7, er i superfluid tilstand ved dei lågaste temperaturane.

Landau la i 1941 eit djupare teoretisk fundament då han foreslo ein svært overraskande disper-


sjonsrelasjon for helium II, vist i figur 7, som oppsummerer dei kollektive eksitasjonane i væska.⁽⁴⁾ Han gjer her tidleg bruk av omgrepene ”kvasipartikkel”. Den lineære delen for små bølgjevektorar er som for andre væsker og gassar. Men for lengre bølgjevektorar går den til slutt ned att og gjennom eit minimum. Landau brukte namnet roton på dei eksitasjonane som måtte finnast her, utan at det vart gitt eit biletet av strukturen til eit roton. Men ettertida har vist at dei finst som lokale eksitasjonar med liten fysisk utstrekning. I dag vil ein seie



Figur 7. Den stiplede kurva viser Landau sitt forslag til dispersjonsrelasjon, eksitasjonsenergi som funksjon av bølgjevektor for helium II. Heiltrekt kurve med symbol er resultat frå nøytronspreiingsexperiment i 1956 (frå Ref. 9).

at roton representerer korrelasjonar mellom vekselverkande atom. Det nærliggande forslaget om at det kan vere små kvantevorteksar blir avvist. Landau sin rotonfysikk er blitt ettertrykkeleg bekrefta ved nøytronspreiing.⁽⁹⁾ Landau sin teori gjekk rett inn i to-væskemodellen til Tisza. I læreboka til Landau og Lifshitz i fluidmekanikk finst ein fin diskusjon av subtile trekk ved to-væskemodellen. Dei understrekar at ein ikkje må sjå på den som to væsker i blanding, men som ei væske som har begge eigenskapane det er snakk om. I dette biletet er fonon og roton rett og slett å forstå som det som er den normale komponenten. Likevel fungerer det ofte godt fenomenologisk å behandle dei to typene eksitasjonskvanta som ein eigen separat del av væska, som normalkomponenten. Figur 7 viser eit presist biletet av korleis Landau såg eksitasjonsspekteret. Figuren viser også dei første bekreftande observasjonane frå 1956,⁽⁹⁾ der ein av forskarane var nordmannen Kaare Otnes, Lillestrøm. (Otnes fylte 92 år i år.)

Den superfluide komponenten av He II blir kalla kondensat. ^4He -atomet har heiltalige kjernespinn og er såleis ein Bose-Einsteinpartikkel: For B-E-partiklar gjeld at der ikkje er restriksjonar for kor mange av dei som kan vere i same kvantetilstand. Om der er mange samtidig i grunntilstanden, har ein å gjere med eit B-E-kondensat. Det er kondensattilstanden som er det mest fundamentale aspektet ved helium II, og som gjer alle dei ”rare” eigenskapane mogelege. Ved 0 K er det estimert at omtrent 13 % av atoma er i ein tilstand av null energi og impuls.⁽⁶⁾ Figur 8 viser tydeleg korleis ein kan tenke seg energispekteret i superfluid helium. F. London foreslo i 1938 at superfluid faseovergang i helium skuldast Bose-Einstein-kondensasjon, ein væskemodell som i ideell form er utan vekselverknad mellom atoma.



Figur 8. (a) og (b) viser energispekteret i ein ideell Bose-Einstein-modell (BE). (a) viser energispekteret i kondensatet ved $T = 0 \text{ K}$. I BE-modellen er alle partiklar i grunntilstand ved $T = 0 \text{ K}$. (b) viser BE ved $0 < T < T_\lambda$. Ei blanding av eksitere partiklar og partiklar i grunntilstand i kondensatet. (c) viser reell situasjon i superfluid, der eksitasjonar finst også ved $T = 0 \text{ K}$. Endeleg viser (d) det totale biletet i helium II ved $0 < T < T_\lambda$ (frå Ref. 8).

Kvantisering av sirkulasjon og fluks

Der er analogi mellom kvantefenomena superleiring og superfluiditet. I superleiarar er det *magnetisk fluks* Φ som er kvantisert, i kvantiseringseininger

$h/2e$. Fluksen er definert som linjeintegralet av vektorpotensialet \mathbf{A} :

$$\Phi = \oint \mathbf{A} \cdot d\mathbf{l} = n(h/2e)$$

For superfluid spelar sirkulasjon, Γ , ei tilsvarende rolle som den magnetiske fluksen. Sirkulasjonen av vorteksar er definert som linjeintegral av fartsvektoren \mathbf{v} for fluidet om vorteksen. Kvantiseringa kjem fram ved å krevje at vinkelimpulsen L er kvantisert på same måten som elektronbanar (radius \mathbf{r}) i Bohrs atommodell:

$$L = m v r = n(h/2\pi)$$

som gir

$$v = n h / (2\pi m r).$$

For sirkulasjonen får ein då

$$\Gamma = \oint \mathbf{v} \cdot d\mathbf{l} = n h / (2\pi m r) \int_0^{2\pi r} dl = n \frac{h}{m} = n\kappa.$$

Sirkulasjonen Γ i superfluid er altså kvantisert i einingar av $\kappa = h/m$.

Sluttord

Vi har sett at sjølv om superfluid og superleiar står fram som svært ulike mangepartikkkel-kvantesystem, har dei det til felles at kvar av dei har bølgjefunksjon som strekkjer seg gjennom eit heilt kondensat, og tillet eksistensen av makroskopiske kvanteobjekt: kvantekvervlar, eller kvantevorteksar, bokstaveleg tala ”tornadoar” av kvervlande atom i eit superfluid, og av cooperpar i ein superleiar. I eit superfluid er det sirkulasjonen (svarande til dreieimpuls i mekanikken) som er kvantisert. I ein superleiar er det magnetisk fluks. I dei seinare tiåra har vi sett ei sterkt fornya interesse for desse fenomena. Først kom oppdaginga av to superfluide fasar i ${}^3\text{He}$ i millikelvinområdet på 1970-talet, så frå 1995 kom superfluid kondensat av alkalimetall ved enda mykje lågare temperaturar.

I denne artikkelen har vi diskutert særleg den historisk viktige superfluide fasen til ${}^4\text{He}$, oftest referert til som helium II, og parallelført dette med superleiar. (Les gjerne også ein artikkel av Vinen som ligg på Internett:

<http://cds.cern.ch/record/808382/files/p363.pdf>.

Ei parallelføring av vorteksfysikken i superfluid og superleiar er sjeldan å finne i litteraturen. Sjølv har eg ikkje funne ei slik framstilling. Det har vore hovudmotivasjonen for å skrive denne artikkelen.

Referansar

1. R.P. Feynman: *Application of quantum mechanics to liquid helium*. Progress in Low Temperature Physics, 1, 17–53 (1955)
2. A.A. Abrikosov (sitat i boka av denne forfattaren): *Superconductivity: Discoveries and Discoverers*. Springer-Verlag (2013)
3. L. Tisza: *Transport phenomena in Helium II*. Nature, 141, 913 (1938)
4. L.D. Landau: *The theory of superfluidity of helium II* J. Phys. USSR, 5, 71 (1941),
og *On the theory of superfluidity of helium II* II. 11, 91 (1947)
5. L. Onsager: *Discussion remark*. Nuovo Cimento Suppl. 6, 249–50 (1949)
6. R.J. Donnelly: *Quantized Vortices in Helium II*. Cambridge University Press, (1991)
7. F. London: *Superfluids II*. John Wiley and Sons, New York, (1954)
8. R.J. Donnelly: *The Discovery of Superfluidity*. Physics Today, July 1995, 30 (1995)
9. H. Palevsky, K. Otnes, K.E. Larsson: *Excitations of Rotons in Helium II by Cold Neutrons*. Physical Review, 112, 11–18 (1956)
10. D.R. Tilley and J. Tilley: *Superfluidity and Superconductivity*. Adam Hilger Ltd, Bristol, (1986)

∞

**Husk å melde
adresseforandring
til sekretæren
i NFS!**

Det europeiske superrøntgenanlegget ESRF under oppgradering

Ragnvald Mathiesen *

Røntgenstråling er svært viktig i naturvitenskapelig forskning og benyttes i et rikt utvalg av eksperimentelle metoder innenfor mange ulike fagdisipliner. De kraftigste og mest allsidige røntgenkildene vi rår over er partikkelakseleratorer som er dedikert til strålingsproduksjon, såkalte synkrotroner eller fri-elektronlasere. ESRF er et av de mest fremtredende anleggene for produksjon av røntgenstråling til eksperimentell forskning, og benyttes av om lag 6500 eksterne forskere per år, inkludert flere norske forskningsgrupper. Nå setter ESRF i gang en oppgradering av partikkelakseleratoren som vil gi muligheter for helt nye eksperimenter i det neste tiåret.

Innledning

Det felleseuropiske synkrotronstråleanlegget, ESRF (*European Synchrotron Radiation Facility*), kom i drift i 1994.⁽¹⁾ Anlegget har etablert seg som det fremste og mest produktive synkrotronstråleanlegget på verdensbasis. ESRF finansieres av 13 europeiske medlemsland og 8 assosierte medlemmer. Norge har vært medlem av ESRF helt fra stiftelsen, gjennom et nordisk konsortium med Danmark, Finland og Sverige, kalt *Nordsync*, som eier 5 % av ESRF. Den norske andelen av Nordsync er 25 %. ESRF er lokalisert i Grenoble, i den sørøstlige delen av Frankrike.

Etter 15 år i regulær drift, satte ESRF i 2009 i gang et oppgraderingsprogram som totalt strekker seg over 13–14 år. Programmet har som formål å sikre anleggets fremtid som et "flaggskip" for utvikling av nye synkrotronrøntgenbaserte eksperimentelle metoder, og sørge for at det europeiske synkrotronbrukermiljøet også i fremti-

den har tilgang til *state-of-the-art*-fasiliteter for eksperimentell forskning ved hjelp av høyenergetisk røntgenstråling. Nå blir første fase av oppgraderingen avsluttet, og en ny spennende epoke står for tur idet ESRF lanserer trinn to, som omfatter en ombygging av selve strålingskilden.



Figur 1. ESRF-anlegget. Den sentrale ringen huser lagringsringen og de opprinnelige strålelinjelaboratoriene. Omkretsen av lagringsringen er ca. 1 km. Ny bygningsmasse kan sees på utsiden av ringen. I øvre høyre region vises også reaktoren til *Institute Laue-Langevin* der det produseres nøytroner for forskningsøyemed.

Synkrotronstråling for materialforskning

Begrepet synkrotronstråling betegner elektromagnetisk stråling produsert ved akselerasjon av superhurtige elektroner eller positroner, langs sirkelbuer eller sinusformede avbøyningsbaner. Moderne

* Institutt for fysikk, NTNU, Trondheim, og nordisk representant i ESRFs vitenskapskomité.

synkrotronstråleanlegg er dedikerte til å produsere stråling for forskningsøyemed, med fotonenergier som kan strekke seg fra 10 eV opp til 700 keV (UV til hard røntgenstråling). Synkrotronbasert forskning har et meget bredt nedslagsfelt med etablerte brukermiljø fra en rekke faglige disipliner som kondenserte mediers fysikk, overflatefysikk, nanovitenskap, kjemi, materialteknologi, medisin, biovitenskap, m.fl. Det finnes om lag 40 operative synkrotronanlegg på verdensbasis,⁽²⁾ og i tillegg et talls operative og planlagte fri-elektronlasere som vil tjene til lignende formål.^(2,3) ESRF alene besøkes årlig av 6500 eksterne brukere. Disse gjennomfører rundt 1500 eksperimenter som resulterer i 1900 vitenskapelige artikler per år, hvorav 15 % i såkalte "high-impact" tidsskrifter.


Som eksempel på resultatet av ESRF-forskningen nevner vi at to nobelpriser er gitt for arbeider hvor ESRF-målinger har inngått i datagrunnlaget. A. Yonath og V. Ramakrishnan delte kjemiprisen i 2009 for studier av struktur og funksjon til ribosomet, som er cellenes "proteinfabrikk". I 2012 delte B. Koblika og R. Lefkowitz kjemiprisen for arbeid med studier av proteinkoblede reseptorer som er aktive i styringen av transport gjennom cellemembraner. Selv om nobelprisene har gått til studier innen biomolekylær vitenskap, er bruken av synkrotronbaserte eksperimentelle metoder fremtredende innen andre disipliner. I fysikk og materiavitenskap brukes synkrotronmetoder til studier av strukturer i kondenserte medier og hvordan disse responderer dynamisk og statisk til eksterne felt, som f.eks. temperatur, kjemiske grader, elektromagnetiske eller mekaniske felt. Studiene tar opp forhold som foreligger på lengdeskalaer fra det atomære til det mikroskopiske, og fenomener som forplanter seg på tidsskalaer fra 10^{-12} s til minutter og timer. Data fra ESRF gir grunnlag for én artikkel i ledende tidsskrifter som *Science* eller *Nature* om lag annenhver uke. For flere detaljer om forskningen ved ESRF viser vi til referanse (1).

Utviklingen av synkrotronstrålekilder


Utviklingen av synkrotronstrålekilder blir gjerne delt inn i tre generasjoner. Generasjonskillene består i at man ved første generasjon betegner anlegg som ble bygget i perioden fra midten av 50-tallet frem til midten på 70-tallet, og ble operert primært som partikkelakseleratorer, men hvor det

også ble lagt til rette for å kunne bruke det elektromagnetiske spekteret akseleratoren produserte som en eksperimentell strålingskilde. Når partiklene når sin endelige operasjonsenergi, kan de styres til omløp i en såkalt lagringsring. Under omløpet akselereres partiklene bl.a. langs sirkelbuer, og emitterer dermed stråling. For første generasjon synkrotroner var strålingen et biprodukt ved anlegg hvor partikkelstrålen var hovedformålet, og således var ofte betingelsene for strålestabilitet ikke optimale. Andregenerasjonsanlegg ble bygget i perioden fra siste halvdel av 70-tallet frem til 1990, og viser til synkrotroner hvor lagringsringen var dedikert til produksjon av stråling.

